



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsstyret
Møtestad: Austefjorden, 1. etg., Rådhuset
Dato: 15.11.2016
Tid: 13:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 74/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 75/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 76/16	Søknad om godkjenning av gangveg på Folkestadsetra, gbr 107/1-9 og 107/13-14
PS 77/16	Gbr 6/25 og 26 - vorpirar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar - framlegg til justert utbyggingsplan
PS 78/16	Gbr 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3 Oppføring av hus, skytebane og veg
PS 79/16	Scooterløyve Volda kommune 2017 – 2020
PS 80/16	Møteplan 2017 – forvaltningsutvalet
PS 81/16	ORIENTERINGSSAKER
OS 7/16	Fylkesmannen i Møre og Romsdal - svar på klagesak i forvaltingsstyret - konsesjon gbr 66/2

PS 74/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 75/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Arkivsak nr.: 2016/812

Arkivkode: Q21

Utvalsaksnr **Utval**
76/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
15.11.2016

SØKNAD OM GODKJENNING AV GANGVEG PÅ FOLKESTADSETRA, GBR 107/1-9 OG 107/13-14

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsstyret dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Folkestad. Dispensasjonen gjeld for opparbeiding av gangveg frå Blåfjellsvegen ned til Folkestadvatnet, som vist på skisseforslag datert 21.10.2016. Gangvegen skal vere maksimum 2 meter brei. I tilknytning til gangvegen kan det opparbeidast 4-5 parkeringsplassar ved Blåfjellsvegen.

Vedlegg:

1. Brev frå Folkestad idrettslag, datert 5.5.2016. Søknad om godkjenning av turveg ved Folkestadsetra.
2. Brev til uttaleinstansane, datert 8.6.2016. Sak på høyring.
3. Uttale frå landbrukskontoret, datert 15.6.2016.
4. Uttale frå fylkeskommunen, datert 29.6.2016.
5. Uttale frå fylkesmannen, datert 5.7.2016.
6. Uttale frå fylkeskommunen, datert 16.9.2016. Tilbakemelding etter synfaring.
7. Skisseforslag, gangveg frå Blåfjellsvegen til Folkestadvatnet, datert 21.10.2016.

Bakgrunn

Folkestad idrettslag har i brev datert 5.5.2016, søkt om godkjenning av turveg ved Folkestadsetra. Idrettslaget informerer om at det i mange år har vore ønskje om turveg frå setervollen til badeplassen ved vatnet. Badeplassen er mykje brukt om sommaren til friluftsliv og bading. I dag går det ei gangrås frå setrevegen ned til vatnet. Råsa kan ikkje nyttast av familiar med barnevogn og menneske med nedsett funksjonsevne.


Folkestad idrettslag informerer om at dei har lagt planane fram for alle grunneigarane i området, og at ingen av grunneigarane er negative til etablering av turveg.

Idrettslaget vil legge til rette for gangveg med breidde 2.5 m. På kvar side av vegen er det lagt inn 1 m brei grøft. Veglengde frå Blåfjellsvegen ned til Fr4 er oppgitt til 121 m. I følge skisser utarbeidd av sivilingeniør Svein Holmen, vil vegen bli lagt i terrengnivå, utan skjering-/fylling utanom opparbeiding av grøft. Maksimum stigning på vegen er oppgitt til 1:6,3 (15,9 %). Idrettslaget vil også legge til rette for parkeringsplass ved Blåfjellsvegen. Sjå vedlegg.

Saksopplysningar

Planstatus

Området er ikkje regulert. Det meste av området som tiltaket berører er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde med spredt fritidsbebyggelse (LNF-C2). Delar av turvegen er planlagt innafor Fr4, framtidig friområde. I følge kommuneplanen er det krav reguleringsplan for tiltak i området. Langs vatnet er det byggjeforbod.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

Dispensasjon frå plankravet

Omsøkte tiltak er i strid med kommuneplanen sin arealdel, jf. krav om reguleringsplan.

Etter Plan- og bygningslova (2008), § 19-1 krev dispensasjon grunngejeven søknad. Før vedtak vert fatta, skal naboar varslast. Regionale og statlege mynde, skal få høve til å uttale seg før det vert gitt dispensasjonar frå planar, plankrav og forbodet i Plan- og bygningslova § 1-8.

Etter plan- og bygningslova § 19-2, kan kommunen gi varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av Plan- og bygningslova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen. Ein kan ikkje gi dispensasjon, dersom omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå, eller omsyna i lovas formålsbestemmelse vert vesentleg sett til side.

I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Søkjær si grunngeving

Sitat frå søknad: «*Det har i mange år vore eit ynskje om turveg frå setervollen til badeplassen ved vatnet. Badeplassen ved Folkestadvatnet er mykje brukt om sommaren til friluftsliv og bading. I dag er det ei gangrås, og det hindrar familie med barnevogn, og også dei som brukar handikappa køyretøy*».

Sak på høyring - nabovarsel

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen, fylkesmannen, landbrukskontoret. Grendautvalet har fått saka til uttale. Det er ikkje registrert uttale frå grendautvalet.

Landbrukskontoret (15.6.2016), viser til kommuneplanen sin arealdel, der delar av området er lagt ut til landbruks-, natur og friluftsområde med spreidd fritidsbebyggelse. Landbrukskontoret meiner det er viktig å ta vare på kulturlandskapet med sel og setrevoll.

Landbrukskontoret rår til at fyrste del av vegen vert flytta mot aust, slik at ein får bevart mest mogleg av det opphavlege kulturlandskapet med tilhøyrande element.

Fylkeskommunen (29.6.2016), meiner området har potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Kulturavdelinga ønskjer å gjennomføre ei arkeologisk synfaring, eventuelt med påfølgjande registrering (jf. Kulturminnelova § 9). Kulturavdelinga minner om at tiltakshavar pliktar å dekkje utgiftene til registrering (jf. § 10 i Kulturminnelova). Kulturavdelinga gjer også merksam på at planen ikkje kan eigengodkjennast før synfaring/registrering er gjennomført og området eventuelt er frigjeve etter Kulturminnelova.

Kulturavdelinga er svært skeptisk til å etablere gangveg som skissert direkte gjennom eit seterområde, og ber om at vegen vert trekt lenger mot nordaust. Avdelinga meiner at ein gangveg med breidde på 2,5 meter med 1 meter brei grøft på kvar side av vegen vil vere eit stort terrenginngrep. Kulturavdelinga stiller spørsmål ved om det er nødvendig å gjere vegen så brei når føremålet er at det skal vere plass til barnevogner og det skal leggst til rette for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen ber om at ein reduserer breidda til 1,4-1,6 meter, med møteplassar på 1,8-2 meters breidde.

Fylkesmannen (5.7.2016), meiner skissert vegbreidde vil medføre eit stort inngrep i det vakre seterområdet/friluftsområdet. Fylkesmannen meiner ei vegbreidde på 2 meter sikrar at tre personar kan gå ved sidan av kvarandre. Etter fylkesmannen sitt syn bør maksimal breidde vere 1,5-2 meter for å minimere inngrepet og hindre at vegen innbyr til bilkøyring.

Synfaring på Folkestadsetra

Sakshandsamar, landbrukskontoret og kulturavdelinga var på synfaring på Folkestadsetra 1.9.2016. Under synfaringa vurderte kulturavdelinga potensiale for funn i traseen for gangvegen. Det vart også vurdert alternativ lokalisering av vegen.

Kulturavdelinga kom med uttale etter synfaring i brev datert 16.9.2016. Kulturavdelinga meiner gangvegen ligg for nær ruinen og sel-området ved Ola-selet. Avdelinga meiner at ved å trekke gangvegen lenger vekk frå sel-området, vil potensialet for funn av automatisk freda kulturminne knytt til tidleg seterbruk eller andre utmarksminner vere lågare. Dersom ein aksepterer ei flytting av gangvegen, som skissert frå kulturavdelinga (sjå vedlegg til uttale frå kulturavdelinga), vil ikkje kulturavdelinga ha krav om arkeologisk registrering før gjennomføring av tiltaket.

Vurdering

Tiltaket er i strid med kommunedelplan for Folkestad godkjent 19.6.2008, og er avhengig av dispensasjon frå plankravet for å kunne gjennomførast. Det skal i utgangspunktet ikkje vere kulant å fråvike gjeldande plan.

Jamfør § 19-2 i plan- og bygningslova, må dei to vilkåra (vesentleg sett til side og fordelane større enn ulempene) vere oppfylt for at ein kan gi dispensasjon. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt.

Vesentleg sett til side

Vegen skal gå over areal merka LNF-C2 i kommunedelplanen for Folkestad, som er skildra slik i tekstdelen:

”Dette er område som det kan byggast spreidd fritidsbusetnad. ... LNF-C2: Er Hamna seter i Folkestaddalen. ... I desse områda kan det byggast nye sel/hytter og uthus/fjøs på gamle rettar. Det vert ikkje høve til frådelling og sal av hyttetomter i setreområda. Oppattbygging av gamle dårlege sel/hytter og fjøs/uthus skal gjerast i same stil som det opphavelige selet. Det er sett krav om reguleringsplan før bygging/oppattbygging av sel. Det er også sett krav til utforming og omfang av utbygginga».

Omsynet bak føreseigna sitt plankrav, er at ein skal sikre brei, heilheitleg og grundig vurdering av arealbruken i eit område. Ein skal ikkje tillate tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig regulering av området.

Dei tre uttaleinstansane (landbrukskontoret, fylkeskommunen og fylkesmannen) meiner gangvegen må flyttast lenger mot aust, slik at ein reduserer inngrepet i setreområdet. Fylkeskommunen og fylkesmannen meiner maksimal breidde på vegen bør vere 1,5-2 meter. Det er gjennomført synfaring i området, og det har kome framlegg om endra trase for gangvegen. Første del av den «nye» traseen ligg ca. 35-40 meter frå setreområdet.

Den «nye» traseen, med ei maksimal breidde på 2 meter, vil etter kommunen si vurdering gi ei vesentleg betre løysing enn det som var omsøkt. Opparbeiding av gangveg vil etter kommunen si vurdering ikkje vanskeleggjere framtidig regulering av området. Kommunen ser det som positivt at det vert lagt til rette for parkering ved startpunktet til vegen. Tiltaket vert vurdert til å ikkje vere i strid med omsyna bak føreseigna.

Overvekt av fordelar

Fordelane med å gi dispensasjon frå plankravet, er at ein får lagt til rette for god tilkomst til badeplassen ved Folkestadvatnet for ulike interesser. Etter ei samla vurdering, meiner utviklingssjefen at fordelane ved ein dispensasjon i denne saka er større enn ulempene.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert tiltaket i forhold til naturmangfaldlova §§ 8 til 12. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med lova.

Konklusjon

Med heimel i plan- og bygningslova kap. 19-2 gir Forvaltningsstyret dispensasjon frå plankravet i kommunedelfplan for Folkestad, for opparbeiding av gangveg frå Blåfjellsvegen til Folkestadvatnet. Breidda på vegen skal vere maksimum 2 meter. Det kan leggst til rette for parkering ved Blåfjellsvegen.

Utviklingssjef

Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:

- Folkestad idrettslag, ved Tor Brenne, Vollen 37, 6120 Folkestad.
- Arthur Geir Brenne, Kapteinvegen 17, 6102 Volda.
- Odd Erik Brenne, Vollen 27, 6120 Folkestad.
- Anne Marie K Johannesen, Dalsfjordvegen 4230, 6120 Folkestad
- Jostein Kongsvoll, Postboks 84 Øvre Ervik, 5876 Bergen
- Kåre Per Kongsvoll, Råsa 22, 6120 Folkestad
- Sollaug Kongsvoll Bjørlo, Bjørlo, 6770 Nordfjordeid
- Sigmund Jarle og Berit Palma Kongsvoll, Fredheimvegen 7, 6120 Folkestad
- Kåre Jonny Folkestad, Dalsfjordvegen 4253, 6120 Folkestad

- Lillian Kvammen, Vollen 14, 6120 Folkestad
- Jarle Berg Krumsvik, 6120 Folkestad
- Per Krohn Kongsvoll, Vollen 50, 6120 Folkestad
- Elling Konrad Kongsvoll, Dalsfjordvegen 4168, 6120 Folkestad
- Jon Kåre Folkestad, Iverbogen 15, 6120 Folkestad
- Eli Karin og Gunnar Terje Gjengstø, Blindheimsneset 13, 6020 Ålesund
- Hermann Karsten Dahl, Dalsfjordvegen 4150, 6120 Folkestad
- Dan Aasebø, 6120 Folkestad
- Johanne Nybø, Åstveitskogen 18 A, 5113 Tertnes
- Per Vassli Nordstrand, Fredheimvegen 11, 6120 Folkestad
- Arve Nordstrand, Steinhagen, 6120 Folkestad
- Lill J Nordstrand Mundal, Steinhagenvegen 11, 6120 Folkestad
- Olav Eilert Gilleshammer, 6120 Folkestad
- Alvhild Gilleshammer, 6120 Folkestad
- Jonas Sollid Egset, Morkavegen 60, 6105 Volda
- Tone Aasebø Venås, Vollen 80, 6120 Folkestad
- Anneli Nikula Knutsen og Kjetil Knutsen, Dalsfjordvegen 4160, 6120 Folkestad
- Svanhild Jorunn Aasebø, Fredheimvegen 14, 6120 Folkestad
- Einar Reite, Vollen 8, 6120 Folkestad
- Katrine Skrede, Dalsfjordvegen 4229, 6120 Folkestad
- Kristin Aarseth og Øystein Hjelle, Dalsfjordvegen 4196, 6120 Folkestad
- Rune Kongsvoll, Fredheimvegen 2, 6120 Folkestad
- Egil Magne Folkestadås, Berglivegen 16 B, 3023 Drammen
- Merete Karin Haugen Dale, Haubakken 4, 6120 Folkestad
- Ola Magne Einang, Dalsfjordvegen 4188, 6120 Folkestad

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6400 Molde

Volda Kommune,

v/ utviklingsavdelinga,

6100 Volda.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2016/812	Ans: Utr
Løpnr:	Ses: Jorveg
12 MAI 2016	
Arkivnr:	Emne 2
Klassering P:	G21
Klassering S:	

Søknad om godkjenning av turveg ved Folkestadsetra.

Det har i mange år vore eit ynskje om turveg frå setervollen til badeplassen ved vatnet. Badeplassen er mykje brukt om sommaren til friluftsliv og bading. I dag er der ei gangrås, og det hindrar familie med barnevogn, og også dei som brukar handikappa kjøretøy.

Vi er no nokre initiativtakarar som ser som mål og få dette realisert. For å få dette til formelt, så fremmar vi søknaden gjennom Folkestad Idrettslag som er registret i Brønnøysundregisteret. Vi har forespurt alle grunneigarar i området, der ingen har motsegn for dette. Vedlegg planskisse frå Svein Holmen.

Pr. i dag har vi kr.0 i kassa, så derfor søker vi om fritak for kommunal handsamingsgebyr.

Når søknaden vert godkjend, så vil vi gå til bank, forsikring og bedrifter og be om stønad. Prosjektet vert ikkje igansett før vi har det finansielle på plass.

Håper på eit positivt svar.

Folkestad, 05.05.2016.

For Folkestad idrettslag:

Even Lillenes

Even Lillenes, (formann)

Tor Brenne

Tor Brenne, (kontaktperson prosjektet)

Til: Grunneigarar av det felles sätrestykket på Utanforsaetra på Folkestad
Frå: Folkestad Grendeutval

Gangsti til badeplassen «Hamna» – Sätrevatnet på Folkestad

Det har i fleire år vore eit ynskje frå bygdafolket om å få laga til ein gangsti frå parkeringsplassen ved Ola-selet på Utanforsaetra ned til badeplassen Hamna. Mange har nemnt denne saka for Folkestad Grendeutval.

Det har vore tenkt ein sti med breidde og standard for å kunne køyre ned med barnevogn eller rullestol.

No i 2015 er den nye turvegen rundt Sätrevatnet ferdigstilt, i regi av Folkestad Idrettslag, og med tilskot av kommunale midlar og såkalla «Tippemidlar». Etter kontakt med kommunen om gangsti ned til Hamna, seier dei at dei vil vere positive til tiltaket og tilrå støtte, ettersom området er regulert til friområde og mogleg vegtrase er teikna inn i reguleringsplan for Sætra. Dei tilrår same modell som turvegen rundt vatnet, og med Idrettslaget som tiltakshavar, fordi det må vere ein organisasjon som står som søker (Grendautvalet er ikkje ein registrert/formell organisasjon).


Første og viktigaste føresetnaden for at dette kan utførast er at grunneigarane er orientert om planane og at ikkje det er sterke eller vesentlege innvendingar til tiltaket frå fleirtalet av grunneigarane.

Liste over grunneigarar, gnr 107-113 (evt. ikkje alle er heimelshavarar til fellesstykket):

✕Kåre Jonny Folkestad	✕Øystein Hjelle	✕Svanhild Aasebø
✓Lillian Kvammen (Slettebøen)	✕Einar Reite	✕Dan Aasebø
✓Eli Karin Gjengstø	✕Odd Erik Brenne	✕Tone Aasebø Venås
✕Jon Kåre Folkestad	✕Arthur Geir Brenne	✕Jonas Sollid Egset
✕Kjetil Knutsen	✕Per K. Kongsvoll	✕Merete Dale
✕Arve Nordstrand/Lill Mundal	✕Elling Kongsvoll	✕Egil Folkestadås
✕Alvhild og Olav Gilleshammer	✕Jarle Krumsvik	
✕Hermann Dahl	✕Kåre Kongsvoll m.fl.	
✕Johanne Nybø, Bergen	✕Katrine Skrede	
✕Rune Kongsvoll	✕Ola Einang	

Ein bed hermed om merknader til dette framlegget innan 15.12.15.



For Grendeutvalet: Jon-Arild Kvamme Sollid, leiar
Tlf: 48133127
Epost: jks@hivolda.no



Lengdeprofil

Gangveg frå setra til Folkestadvatnet

Mål høyde = 1:1000 Mål Lengde 1:1000



1: SKISSE m Pelmerking:

Horizontal trasé er teikna i samsvar med

skisse frå Tor Brenne

-Veglengde 121m

-Max stigning 1:6,3 = 15,9%

-Vegbreidde: 2,5m + 1m grøftebreidde

2: Lengdeprofil:

Vegen er lagt i terrengnivå heile strekninga.

Ingen skjærings-/fyllingsutslag utanom grøfteopparbeidinga.

Max stigning 1 : 6,3 (15,9%)

3: Snitt A A og B B:

A_A syner fyllinga ved P-plassen. Snittet er lagt over det lavaste søkket der vi får størst fylling

B_B er eit typisk snitt i høve omkringliggende terreng

Avstand til næraste hytte er 11m frå CL

Dette er reine kartarbeid.

Må oppmålast og terrenkontrollerast før bygging.



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POST «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.
2016/812

Løpenr.
6837/2016

Arkivkode
Q21

Avd/Sakshandsamar
UTV/ BERSKE


Dato
08.06.16

SAK PÅ HØYRING. GBR. 107/1-9, 13-14. SØKNAD OM GODKJENNING AV TURVEG VED FOLKESTADSETRA, VOLDA KOMMUNE

Folkestad idrettslag har søkt om godkjenning av turveg ved Folkestadsetra på Folkestad. Idrettslaget har tidlegare ferdigstilt turveg rundt Setrevatnet med tilskot frå kommunale midlar. Idrettslaget ønskjer no å leggje til rette for gangsti ned til Hamna.

Lokalisering av planområdet

Området ligg på Folkestadsetra, ca. 4.3 km frå Folkestad ferjekai.



Lokalisering av området

Planstatus


Området er ikkje regulert. Det meste av området som tiltaket berører er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde med spredt fritidsbebyggelse (LNF-C2). Delar av turvegen er planlagt innafor Fr4, framtidig friområde.

I følgje kommuneplanen er det krav reguleringsplan for tiltak i området. Langs vatnet er det byggeforbod.

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
47669370

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel

Skildring av tiltaket

Idrettslaget vil legge til rette for gangveg med breidde 2.5 m. På kvar side av vegen er det lagt inn 1 m brei grøft. Veglengde frå Blåfjellsvegen ned til Fr4 er 121 m. I følgje skisseplan, utarbeidd av sivilingeniør Svein Holmen, vil vegen bli lagt i terrengnivå, utan skjering-/fylling utanom opparbeiding av grøft. Maksimum stigning på vegen er oppgitt til 1:6,3 (15.9 %). Sjå vedlegg.

Kommunen si førebelse vurdering

I følgje databasen www.gislink.no er Folkestadjella, registrert som Friluftsområde med lokal verdi. Det vert i registreringa mellom anna vist til at det er fleire fine badeplassar på sandbankar langs Folkestadvatnet og at det er eit mykje nytta turterreng for bygda og tilreisande frå kommunesenteret.

Kommunen stiller seg positive til tiltaket. Badeplassen med tilgrensande areal, er i kommuneplanen lagt ut som friområde. Området er felleseige i utskifting for området. Badeplassen vil bli lettare tilgjengeleg ved framføring av gangveg. Som nemnt innleiingsvis har idrettslaget tidlegare ferdigstilt turveg rundt Setravatnet med tilskot frå spelemidlar til friluftstiltak.

Folkestad idrettslag har sendt planane til orientering til grunneigarane i området og bedt om innspel til planarbeidet. I følgje Grendeutvalet er det ikkje registrert innvendingar til planane frå grunneigarane.

Høyring

Søknaden vert med dette sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, landbrukskontoret for Ørsta/Volda og Grendeutvalet til uttale.

Ein ber om uttale til søknaden innan **8.juli 2016.**

Med helsing

Berit Sandvik Skeide
Planleggar



Volda kommune

Rådhuset
6100 Volda

Saksnr	Løpenr.	Saksansvarleg	Arkiv	Dato
2016/1200	8280/2016	SKAARA	1519/107	15.06.2016

1519 GNR 107-113 - SØKNAD OM GANGVEG PÅ FOLKESTADSETRA, HØYRING

Landbruksfagleg fråsegn til sak 2016/812 i Volda kommune; oversendt søknad om godkjenning av gangveg fram til Fr4 ved Folkestad-dals-vatnet.

Vegen skal gå over areal merka LNF-C2 i kommunedelplanen for Folkestad, som er beskrive slik i tekstdelen: *"Dette er område som det kan byggast spreidd fritidsbusetnad. ... LNF-C2: Er Hamna seter i Folkestaddalen. ... I desse områda kan det byggast nye sel/hytter og uthus/fjøs på gamle rettar. Det vert ikkje høve til frådelling og sal av hyttetomter i setreområda. Oppattbygging av gamle dårlege sel/hytter og fjøs/uthus skal gjerast i same stil som det opphavelege selet. Det er sett krav om reguleringsplan før bygging/oppattbygging av sel. Det er også sett krav til utforming og omfang av utbygginga".*

Etter det vi forstår er Hamna setra til gardane på vestsida av elva; frå gnr 107 til 113. Ny fritidsbusetnad på LNF-C2 er difor knytt opp mot rettar som desse gardane har. Frå gammalt av har ein hatt sel og ein setrevoll. Dette er viktige kulturlandskap som fortel ei historie. Det er difor sett vilkår til nye bygg på Hamna seter i kommunedelplanen. For å bevare mest mogleg av det opphavelege er det viktig at denne nye gangvegen vert tilpassa miljøet.



Veglina markert med raud strek

Dei fleste sela/tuften ligg på vestsida av bilvegen. Mellom bilvegen og vatnet står det i dag to sel/hytter og murane frå eit tredje sel nord for desse.

Ut frå skisseplanen i søknaden ser det ut til at gangvegen er lagt tett inn til selsmurane og til dels over setrevollen. Ein opparbeidd gangveg (breidde 2,5 m + 2 m grøft) er ikkje eit naturleg element i eit slikt miljø. Dersom gangvegen skal starte der den er innteikna, rår ein til at den vert flytta austover og ut av vollen dei fyrste 60 meter.

Eit anna alternativ kan vere å rå til at gangvegen vert lagt på sørsida av sela/vollen, då det kan vere ei betre løysing for kulturlandskapet.

Areala her oppe ved Folkestad-dals-vatnet er dyrkbar jord, og normalt krev ein då løyve til omdisponering etter jordlova § 9 når areal vert omdisponert til anna bruk. Ein vurderer det likevel slik, at dersom behovet for oppdyrking skulle oppstå i framtida, vil ikkje ein gangveg vere til hinder for det. Ein krev difor ikkje løyve etter § 9 i denne saka.

Med helsing

Børild Skåra
rådgjevar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/812	08.06.2016	49078/2016/DISPENSASJON/1519	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	29.06.2016

Volda kommune - gangsti frå parkeringsplass ved Ola-selet til badeplassen Hamna, Folkestadsetra gbnr 107/1-9 og 107/13-14 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer området til ha potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne, som ligg skjult under markoverflata. Vi ønskjer derfor å gjennomføre ei arkeologisk synfaring, eventuelt påfølgjande registrering, jamfør kulturminnelova § 9. Tiltakshavar pliktar å dekkje utgiftene til slik registrering, jamfør § 10, same lov.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan eigengodkjennast før synfaring/registrering er gjennomført og området eventuelt er frigitt etter kulturminnelova.

Vi er elles svært skeptiske til å anlegge ein slik veg direkte gjennom eit seterområde, og ber om at ein trekker vegtraseen lenger mot nordaust. Traseen for gangvegen bør med andre ord ikkje ligge så tett opp mot seterhus/sel ruinen ved Folkestad setra på gbnr. 108/4, slik det er skissert på skisseplanen for gangvegen.

Vi meiner at ein gangveg med breidde på 2,5 meter med 1 meter brei grøft på kvar side av vegen vil vere eit stort terrenginngrep. Vi stiller spørsmål til om det er nødvendig å gjere vegen så brei når formålet med vegen er at den skal vere ein gangveg med plass til barnevogner og rullestolbrukarar/handikappa kjøretøy. Vi ber om at ein reduserer breidda til 1,4-1,6 meter og eventuelt med ein møteplass på 1,8-2 meter breidde. Vi ber om at det blir tatt nærmare kontakt.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr.	2016/812
Løpsnr.	
6 JUL 2016	
Arkivnr.	Emne 2
Klassering P	Q21
Klassering S	

Volda kommune

Turveg ved Folkestadsetra gnr107 bnr1-9, 13-14 Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld søknad frå Folkestad idrettslag om etablering av turveg frå Blåfjellsvegen og ned mot Folkestadvatnet, ei lengd på 121 meter.

Det meste av arealet som vert råka ligg innanfor LNF-område med spreidd fritidsbebyggelse (LNF-C2), og deler av turvegen er planlagt innanfor Fr4, framtidig friområde. Ifølgje kommuneplanen er det krav om reguleringsplan for tiltak i området, og langs vatnet er det byggeforbod.

Natur- og miljøverninteresser

Området ved Folkestadvatnet er ein del av «Folkestadjella», som i Gislink er kartlagt som friluftsområde av lokal verdi. Langs Folkestadvatnet ligg det fine badeplassar på sandbankar, og området er eit mykje nytta turterreng.

Auka tilrettelegging i naturen kan bidra til å få fleire grupper ut i skog og mark, noko som er positivt ut frå eit folkehelseperspektiv. Ein må likevel unngå at tilretteleggingstiltaka går for mykje utover dei naturverdiane som er grunnlaget for dei gode opplevingane som friluftslivet kan gi.

Ein turveg er ein trasé ein kan ferdast til fots, med sykkel, rullestol og barnevogn. Når ein etablerer ein turveg, bør ein ta omsyn til at stignings- og fallforhold er gode, samstundes som terrenget sin naturlege arrondering er avgjerande for traséen. Stigningsforholdet bør ikkje overstige 1:12. Vegen skal «smelte» inn i naturlandskapet, og ein bør unngå fast toppdekke, samstundes som den må vere tørr og jamn i overflata. Eksisterande vegetasjon langs turvegen må oppretthaldast. Ei vegbreidde på 2 meter sikrar at tre personar kan gå ved sidan av kvarande, og såleis bør 1,5 – 2 meter vere tilstrekkeleg breidde.

Ein turveg som omsøkt med breidde 2,5 meter og med 1 meter brei grøft på kvar side, vil vere eit stort inngrep i eit vakkert seterområde/friluftsområde. Når føremålet med vegen er gangveg med plass til barnevogner og rullestolar/handicap-køyrety, stiller vi spørsmål ved om dette er nødvendig dimensjon på vegen.

Etter Fylkesmannen sitt syn, bør maksimal breidde vere 1,5-2 meter for å minimere inngrepet og hindre at vegen innbyr til bilkøyning. Vi viser til DN-handbok 27 – 2006 om naturvennleg tilrettelegging for friluftsliv. Ein må sjølvstekt bruke eigna (ikkje for breie) maskiner til anleggsarbeidet, slik at ein ikkje øydelegg terrenget meir enn nødvendig, og det skal ryddast og ordnast opp umiddelbart etter at turvegen er etablert. Dette betyr at torva må leggjast tilbake på grøftearealet slik at det ikkje tar unødig lang tid å reetablere vegetasjonen.

Konklusjon

Vi rår til at vegbreidda ikkje overstig 1,5 – 2 meter, og viser elles til merknadene ovanfor.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		87985/2016/DISPENSASJON/1519	Guro Dehli Sanden, 7258863	16.09.2016

Tilbakemelding etter synfaring av gangsti frå parkeringsplass ved Ola-selet til badeplassen Hamna, Folkestadsætra gbnr 107/1-9 og 107/13-14, Volda kommune

Kulturavdelinga var på felles synfaring med ein representant frå Volda kommune og Landbrukskontoret på Folkestadsætra den 01.09.2016. Tiltakshavar var og invitert til synfaringa, men kunne ikkje stille.

Under synfaringa vurderte kulturavdelinga området for ønska gangsti til badeplassen på Folkestadsætra for potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Vår vurdering er at plasseringa av gangvegen, slik den er skissert på kart i oversendingsbrevet frå kommunen frå 08.06.2016, ligg for nærme ruinen og sel-området på Ola-selet. Vi har forsøkt å skissere opp ein alternativ plassering av gangstien, som gjer at ein får meir avstand til sjølve ruinen og sel-området. Vår vurdering er at ein ved å trekke gangvegen lengre vekk frå sel-området slik som skissert på vedlagt plankart, så vil potensiale for funn av automatisk freda kulturminne knytt tidleg seterbruk eller andre utmarkskulturminner vere lågare. Dersom ein aksepterer ein flytting av gangstien slik som vi har skissert, så vil vi ikkje ha krav om arkeologisk registrering før gjennomføring av tiltaket, men ber om at ein varsom under opparbeiding av gangstien og at ein melder i frå til oss dersom det skulle bli gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, til dømes kolhaldige jordlag, konsentrasjon med brent stein og kol, jf. § 8 i kulturminnelova.

Vi har tidlegare stilt spørsmål om dimensjonen på den planlagde gangsti. Vi meiner at ein gangsti med breidde på 2,5 meter med 1 meter brei grøft på kvar side av vegen vil vere eit stort terrenginngrep, i forhold til formålet med tiltaket. Dersom formålet med vegen skal vere ein gangsti/gangveg så meiner vi at ein bør redusere breidda til 1,5 meter og eventuelt med møteplassar på 2 meter breidde. Dersom det er nødvendig at vegen skal vere kjørbær med bil, så burde det ha vore opplyst i søknaden. Slik som søknaden føreligg no har vi tatt stilling til at formålet med tiltaket skal vere ein gangsti.

Innmålingsfiler med foreslått trase for gangstien vil bli sendt til saksbehandlar for saka i Volda kommune.


Med helsing


Guro Dehli Sanden
Arkeolog/Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:

Berit Sandvik Skeide





Skisseforslag. Gangveg frå Blåfjellsvegen til Folkestadvatnet. 21.10.2016
Målestokk 1:600
Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/108

Arkivkode: 6/ 25

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

77/16

Forvaltningsstyret

15.11.2016

GBR 6/25 OG 26 - VORPIRAR OG FLYTEBRYGGE VED NAUST/FRITIDSEIGEDOMAR - FRAMLEGG TIL JUSTERT UTBYGGINGSPLAN

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at framlegg til endra utbyggingsform, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16, jf sak 62/16.

Vedleggsliste:

Framlegg til endra plan for utbygging.

Uprenta saksvedlegg:

Forvaltningsstyre sak 43/16

Forvaltningsstyre sak 62/16

Saksopplysningar:

Forvaltningsstyret handsama den 10.05.16, som sak 43/16, søknad om løyve til oppføring av vorar og flytebrygg ved naust/fritidstomter på eigedomane gnr 6 bnr 25 og 26 i Berkvika.

I saka vart det gjort slikt vedtak: (mot ei røyst):

"Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarende strandområde i kommunen.

Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket."

Etter klage over vedtaket vart saka handsama på ny som sak PS 62/16 i Forvaltningsstyret den 30.08.16, der det vart gjort slikt vedtak:

"Forvaltningsstyret finn ikkje at moment i klaga, eller gjennomført synfaring knytt til handsaming av klage, har tilført saka nye moment som gir grunn til endra haldning til saka.

*Forvaltningsstyret held såleis fast på sitt vedtak i sak 43/16.
Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka."*

Det vart gjennomført synfaring i området i samband med handsaming av klage. Ved handsaminga i Forvaltningsstyret vart det føya til eit punkt i vedtaket etter framlegg frå Åshild Vik:

"Forvaltningsstyret oppmodar søkar om å kome tilbake med ein ny søknad som tek utgangspunkt i det som er påpeika i saka".

Klagesaka er vidaresendt til Fylkesmannen og vil bli handsama der.

Med grunnlag i tilleggspunktet i vedtaket har søkjar i møte med kommunen fremja eit justert framlegg til utforming av planlagt tiltak.

Eg viser til vedlagde teikningar, profilar og beskrivelse av nytt framlegg.

Administrasjonen har drøfta det nye framlegget i administrativt planforum den 2.11.2016. Ein har her konkludert med at tiltaket heller ikkje no er gitt ei slik form/uttrykk at det bør godkjennast.

Sjølv om moloane er betydeleg redusert i lengde (frå 35m til va 22m frå eigedomsgrense) er det framleis å sjå som molo/kailøysing og ikkje som ein vor. Tiltaket framstår såleis framleis som ein bastante konstruksjonar i fjørestrekninga. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarande strandområde i kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tiltaket vert vurdert som uheldig sett i høve til natur og miljøomsyn. Tiltaket vert vurdert å vere negativt i høve til friluftssinteresser.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

P. Mulvik as, v/ idar@mulvik.no

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Volda kommune - Utvikling

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2016/108	Saksbehandler: Utv. Perhel
26 SEPT 2016	
Arkivsak:	BY66
Klassering: P:	6/25
Klassering: S:	

Volda kommune
Avd. Utvikling
Rådhuset

6100 Volda

Dykkar ref.: Arkivsak nr. 2016/108 Heltne/ Vestgarden

Volda 22.09.2016

Sentral: 70 07 49 00
Kontor: 70 07 49 93
Mobil: 91 58 98 79
Vår ref.: Idar Hagen

Gnr. 6, bnr. 25 og 26 i Volda kommune
Tiltakshavar: Sissel Berkvik og Janne Berkvik
Tiltak: Vør-pirar – justerte planar

Vedlagt følger justerte planar for steinvorar i sjøen ved tomtene 6/25 og 6/26 i Berkvika.

Ein viser til møte med administrasjonen ved teknisk etat i Volda kommune 14.09.2016. Kommunen opnar for at tiltakshavar kan legge fram justerte planar for nye stein-vorar.

Det er utteikna eit forslag til vorar i redusert lengde ut frå land, jmf. påteikningar på vedlagte flyfoto.

Vorane er vist med horisontal overflate, då dette vil gi den tryggaste løysinga med tanke på sklisikring / islagt overflate. I tillegg vil ein vor med skrå overflate ligge under vass-skorpa ved flo sjø. Dette kan utgjere ein risiko for kryssande småbåtrafikk langs med fjøra, med fare for grunnstøyting.

Utifrå ei samla vurdering så er den justerte løysinga å sjå som ei tenleg løysing for brukarane. Den strekkjer seg fram til marabakken (som kan skimtast på flyfotoet), og er omtrent på linje med andre vorar i Berkvika.

Ein gjer merksam på at lengdeopprisset er teikna ut for tomt 6/25. For tomt 6/26 vert fasaden av steinvoren tilsvarande, men i speilvendt utgåve. Dette pga. at trefendringa skal vende inn mot felles stød. Vorane får same lengdeutstrekning frå land. Det er angitt ein mål-referanse inn mot bytelinje (kant av platting) på tomt 6/25.

Ein vonar difor at kommunen kan vurdere den forelagte justerte løysinga som vist i vedlegg til dette brev, og med håp om eit positivt utfall i favør av tiltakshavarane.

Per Mulvik AS

Idar Hagen

- siv.ing -

- Flyfoto m/ innteikna justert plan for nye vorar dat. 21.09.2016
- Skjematisk oppriss av vor for tomt 6/25 dat. 22.09.2016



Sunnmørskart
Flyfoto

Nye vörar 6/25 og 6/26


Dato: 21.09.2016



Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

© Norkart AS

6/25 og 6/26



Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Tegnet	Kontr.	Godkjent
Steinvorar 6/25 og 6/26 Berkvik Typisk oppriss 6/25		Målestokk 1: 200	Dato	22 september 2016	
			Tegnet	IH	
			Kontr.		
			Godkjent		
		Arkiv bet.			
		Erstatn. for			
		Tegning nr. 2238 -102			Rev.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/354

Arkivkode: 35/ 3

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

78/16

Forvaltningsstyret

15.11.2016

GBR 35/3, 36/1, 37/2 OG 38/3 OPPFØRING AV HUS, SKYTEBANE OG VEG

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn Forvaltningsstyret med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for bygging av veg til skytebane i samsvar med søknad datert 17.februar 2016.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon frå plan for bygging av veg, med kartvedlegg

Innspel ved høyring

Jordlovshandsaming

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Hjartåbygda -Aldalen

Saksopplysningar:

Kommunen har motteke søknad om løyve til oppføring av tilbygg til skyttarhus og for framføring av veg og etablering av p-areal til eksisterande skytebane i Aldalen i Volda kommune.

Søkjær Hjartåbygda skyttarlag.

Kommunen vurderer tilbygg til skyttarhus som ei ordinær byggesak som ikkje krev dispensasjon og har handsama byggesøknad for dette separat.

Søknad om etablering av ny veg, og parkering krev dispensasjon frå plan med høyring. Det er i dag gangveg fram til skyttarhus /standplass.

Gjeldande plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område der det ikkje er godkjent reguleringsplan.

Området er i kommunedelplan vist som LNF-område.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader til saka frå varsla naboar eller gjenbuvarar.

Eg viser elles til opplysningar i søknad der det m.a. heiter:

"Hjartåbygda skyttarlag søker med dette om løyve til å byggje veg frå den kommunale vegen som går gjennom Aldalen og til skytebana, med parkeringsplass. Som vist på vedlagte kart. 35/3 har i dag avkøyrse til teigen sin nedanpå vegen frå kommunevegen omtrent der skytebanevegen skal begynne. Denne vert vekk, men dei vil få tilkomst litt lenger nede med avkøyrse frå skytebanevegen.

Vegen skal byggast i 3 meters breidde og dimensjonerast slik at den toler lastebiltrafikk.

Den vil verte bygt av steinmasser og pukk med grus på toppen.

Nokon plassar vil ein ta av matjorda for ein legg på bærelag. Andre plassar vil ein legge vegduk opp på molda/myra og bærelaget opp på denne.

Der vegen går over dyrka mark vil ein legge vegen ca 10/20 cm over terrenget og så legge molda tilbake på sidene av vegen slik at ein får køyre/slå over vegen ved grashausting m.m.

På denne måten får ein utnytte marka mest mogeleg og vegen vert ikkje til hinder for arbeid på marka. All mold som vert uttraua skal takast vare på og leggjast på sidene av vegen eller i naturlege dumper i terrenget. Ikkje noko skal køyrast vekk.

Vegen kryssar to gjerder. Her skal ein setje opp grinder som kan låsast slik at vegen ikkje er open for allmenn ferdsel/trafikk, men kun når skytebana er i bruk eller grunneigarane har behov for det.

Vegen vil verte bygt i ein kombinasjon med dugnad og innleigt entreprenør. Laget har medlemar som er maskinentreprenørar med lang erfaring som kan stå for dette arbeidet."

Før handsaming i kommunen har saka vore sendt på høyring. Det ligg føre fylgjande uttalar: **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**, brev av 21.04.2016:

"Generelt: Saka gjeld søknad om etablering av ny veg og parkering. Vegen skal byggast i 3 meters breidde og vil vere om lag 300 meter. Det er i dag gangveg fram til skyttarhus/standplass. Området er i kommunedelplan LNF-område.

Støy: Veg og parkering vil truleg legge til rette for auka bruk av skytebana. Det bor difor gjerast ei vurdering av om tiltaket vil gi auka utfordringar med omsyn til støy.

Landbruksinteresser:

Slik tiltaket er skissert, vil ein så langt råd redusere tap av jordressursar. Vi legg difor til grunn at omsynet til landbruk vil ivaretakast.

Konklusjo: Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at det blir tatt omsyn til desse i det vidare planarbeidet."

Kommentar:

Skyttarlaget har gitt innspel til denne uttalen vedkomande støy. Dei viser og til uttale frå Politiet vedkomande bana, jf brev av 23.spt.2016:

"Ber om at desse to vedlegga vert lagt ved sakspapira på søknaden om veg til skytebana. Har skrive litt om støyen frå skytinga, og her er også ein uttale frå lensmannen."

Me er gjert kjend med at det er komt inn merknad frå fylket der dei trur det vil verte auka aktivitet og dermed ber kommuna å vurdere auka støy.

I forbindelse med bygging av veg og skyttarhus er det ikkje auke i antal skiver på bana. Utbygginga er for å få bedre tilkomst og bedre plass.

Elles har det dei siste 15 til 20 åra vore ein sterk reduksjon av støy ifrå skytebana. Dette fordi veldig mange har fått seg lyddemparar på børsene. Dette reduserer støyen med ca 70 – 90 %. I tida som kjem vil nok enno fleire få seg lyddemparar og støyen frå bana vil verte redusert også i åra som kjem. Me ber om at dette vert lagt ved sakspapira til veggsknaden.

Politiet har i brev av 16.09.2016 gitt fylgjande uttale:

"Hjartabygda skyttarlag v/ leiar Hogne Homberset har orientert meg om at laget har planar om oppføring av skyttarhus i tilknytning til skytebanen.

Laget hadde i 2015 267 medlemar. 75 av desse var yngre enn 25 år. I sommarhalvåret gjev laget tilbod på skytebanen i Aldalen, om vinteren har laget aktivitetar i grendahuset i Hjartåbygda.

Eg er kjend med at laget gjev tilbod til aktive jegerar og skyttarar i Austeffjorden, Volda og Ørsta. Laget driv fram god og trygg jaktkultur. Yngre og vaksne jegerar har skytebanen som eit viktig samlings- og møtepunkt.

At fleire generasjonar og grannar møtast på skytebanen er særst verdifull aktivitet. Tilbodet aukar trivnaden i Austeffjorden, og medfører at unge lettare finn seg til rette og vil satse i bygdene. Skarpskyting har lange tradisjonar i Austeffjorden, og aktive frå skyttarlaget har vore og er gode mannskap i Heimevernet.

Som lensmann ynskjer eg desse verdiane vidareført, og tilrår sterkt at laget finn rom for oppføring av skyttarhus. Eit triveleg skyttarhus vil auke aktiviteten på skytebanen, og huset kan også nyttast til instruksjon og vegledning av unge jegerar og skyttarar".

Statens vegvesen brev av 1.04.2016:

"Vi har ingen merknad til dispensasjon for etablering av skyttarbane. Etter at det eventuelt blir gitt dispensasjon frå plan, må det søkjast om løyve til ny avkjørsel frå fylkesveg 43. Det kan påreknast at slikt løyve vert gitt på visse vilkår."

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 21.04.2016:

"Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer området for oppføring av hus, skytebane og veg gbnr. 35/3, 37/2 og 38/3 i Aldalen til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarende mindre. Om uføresette tilhøve fører til forlenga registrering vil vi varsle om dette. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis tiltaka vert utforma."

M.R.Fylkeskommune, brev av 17.10.2016:

"Kulturavdelinga har no føreteke arkeologiske registreringar i planområdet for oppføring av hus, skytebane og veg i Aldalen. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og vi har derfor ingen merknadar til det vidare planarbeidet. Rapport og refusjonskrav for dei arkeologiske registreringane vil bli ettersendt".

Landbrukskontoret Ørsta Volda, delegert vedtak i sak 11/16, den 18.03.2016:

"Det vert gitt løyve etter jordlova § 12 for frådeling av bruksrett til grunn for skytebane m.m. i Aldalen, jfr. avtalar datert 16.12.15 og 30.01.16. Grunngeving er at frådelinga ikkje fører til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området."

Vurdering og konklusjon:

Med grunnlag i gjennomført høyring og avklaring i høve til veg og landbrukstilhøve finn ein å kunne tilrå dispensasjon frå plan for framføring av veg til skytebana i samsvar med søknad. Kommunen finn ikkje at vegtiltaket i seg sjølv gjev grunnlag for vesentleg auke i aktiviteten ved bana eller støytilhøva rundt denne.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tilrettelegging for fysisk aktivitet og aktiv samlingsstad som skytebana utgjer synest positivt.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen endringer.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Hjartåbygda skyttarlag v/ Hogne Homberset
Eigar Marianne Aurstad
Harald Asle Aasen
Eva Bente Rønning
Lise Reite Dimmen
Hilde Karin Hjorthaug Berg
Olav Ullaland og Eva Marie Ullaland
Jostein Ullaland og Åshild Ullaland.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens Vegvesen Region Midt
Politiet

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

Hjartåbygda grendautval
Ørsta og Volda landbrukskontor - til orientering
Volda kommune Teknisk sektor
Volda kommune - Utvikling

Hjartåbygda Skyttarlag

v/Hogne Homberset

Løviknevegen 15

6106 VOLDA

Hjartåbygda, 17.februar 2016

Volda Kommune

SØKNAD OM BYGGING AV VEG.

Hjartåbygda skyttarlag søker med dette om løyve til å byggje veg frå den kommunale vegen som går gjennom Aldalen og til skytebana, med parkeringsplass. Som vist på vedlagte kart.

35/3 har i dag avkøyrsløp til teigen sin nedanpå vegen frå kommunevegen omtrent der skytebanevegen skal begynne. Denne vert vekk, men dei vil få tilkomst litt lenger nede med avkøyrsløp frå skytebanevegen

Vegen skal byggast i 3 meters breidde og dimensjonerast slik at den toler lastebiltrafikk.

Den vil verte bygt av steinmasser og pukk med grus på toppen.

Nokon plassar vil ein ta av matjorda før ein legg på bærelag. Andre plassar vil ein legge vegduk opp på molda/myra og bærelaget opp på denne.

Der vegen går over dyrka mark vil ein legge vegen ca 10 . 20 cm over terrenget og så legge molda tilbake på sidene av vegen slik at ein får køyre/slå over vegen vegen ved grashausting mm. På denne måten får ein utnytte marka mest mogeleg og vegen vert ikkje til hinder for arbeid på marka.

All mold som vert uttraua skal takast vare på og leggjast på sidene av vegen eller i naturlege dumper i terrenget. Ikkje noko skal køyrast vekk.

Vegen kryssar to gjerder. Her skal ein setje opp grinder som kan låsast slik at vegen ikkje er open for allmenn ferdsel/trafikk, men kun når skytebana er i bruk eller grunneigarane har behov for det.




Vegen vil verte bygt i ein kombinasjon med dugnad og innleigt entrepenør.

Laget har medlemmar som er maskinentreprenørar med lang erfaring som kan stå for dette arbeidet.

For

Hjartåbygda Skyttarlag

Hegne Honkesset



 Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 26.05.2015	Markslag (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING <table> <tr><td></td><td>Fulldyrka jord</td><td>12.0</td></tr> <tr><td></td><td>Overflatedyrka jord</td><td>0.0</td></tr> <tr><td></td><td>Innmarksbeite</td><td>3.4</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av særs høy bonitet</td><td>0.0</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av høy bonitet</td><td>112.9</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av middels bonitet</td><td>109.3</td></tr> <tr><td></td><td>Skog av lav bonitet</td><td>2.0</td></tr> <tr><td></td><td>Uproduktiv skog</td><td>73.0</td></tr> <tr><td></td><td>Myr</td><td>7.1</td></tr> <tr><td></td><td>Åpen jorddekt fastmark</td><td>15.6</td></tr> <tr><td></td><td>Åpen grunnlendt fastmark</td><td>22.4</td></tr> <tr><td></td><td>Bebyggd, samf, vann, bre</td><td>1.3</td></tr> <tr><td></td><td>Ikke klassifisert</td><td>0.0</td></tr> <tr><td>Sum:</td><td></td><td>359.0</td></tr> </table>		Fulldyrka jord	12.0		Overflatedyrka jord	0.0		Innmarksbeite	3.4		Skog av særs høy bonitet	0.0		Skog av høy bonitet	112.9		Skog av middels bonitet	109.3		Skog av lav bonitet	2.0		Uproduktiv skog	73.0		Myr	7.1		Åpen jorddekt fastmark	15.6		Åpen grunnlendt fastmark	22.4		Bebyggd, samf, vann, bre	1.3		Ikke klassifisert	0.0	Sum:		359.0	Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene. Ajourføringsbehov meldes til kommunen. Arealressursgrenser Eiendomsgrenser
	Fulldyrka jord	12.0																																										
	Overflatedyrka jord	0.0																																										
	Innmarksbeite	3.4																																										
	Skog av særs høy bonitet	0.0																																										
	Skog av høy bonitet	112.9																																										
	Skog av middels bonitet	109.3																																										
	Skog av lav bonitet	2.0																																										
	Uproduktiv skog	73.0																																										
	Myr	7.1																																										
	Åpen jorddekt fastmark	15.6																																										
	Åpen grunnlendt fastmark	22.4																																										
	Bebyggd, samf, vann, bre	1.3																																										
	Ikke klassifisert	0.0																																										
Sum:		359.0																																										

250 m

ca innteikna veg
og p-plass

skytebane

37
500 m



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
21.04.2016
Dykkar dato
14.03.2016

Vår ref.
2016/1711/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Kopi:
Perhel

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	2016/354
Løpnr	
21 APR 2016	
Arkivnr	BY66
Klassering P	35/3
Klassering S	

Utv
Ingvik

Volda kommune

Framføring av veg og etablering av parkeringsareal gnr35 bnr3 gnr36 bnr1 gnr37 bnr2 og gnr38 bnr3 - Hjartåbygda skyttarlag Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld søknad om etablering av ny veg og parkering. Vegen skal byggast i 3 meters breidde og vil vere om lag 300 meter. Det er i dag gangveg fram til skyttarhus/standplass. Området er i kommunedelplan LNF-område.

Støy

Veg og parkering vil truleg legge til rette for auka bruk av skytebane. Det bør difor gjerast ei vurdering av om tiltaket vil gi auka utfordringar med omsyn til støy.

Landbruksinteresser

Slik tiltaket er skissert, vil ein så langt råd redusere tap av jordressursar. Vi legg difor til grunn at omsynet til landbruk vil ivaretakast.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at det blir tatt omsyn til desse i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Hei

Ber om at desse to vedlegga vert lagt ved sakspapira på søknaden om veg til skytebana.

Har skrive litt om støyen frå skytinga.

Her er også ein uttale frå lensmannen.

Mvh

Hogne Homberset

Hjartåbygda skyttarlag

Hjartåbygda skyttarlag

v/Hogne Homberset

Hjartåbygda, 23.september 2016.

Volda Kommune

Ang søknad om bygging av veg til skytebane i Aldalan.

Me er gjert kjend med at det er komt inn merknad frå fylket der dei trur det vil verte auka aktivitet og dermed ber kommuna å vurdere auka støy.

I forbindelse med bygging av veg og skyttarhus er det ikkje auke i antal skiver på bana. Utbygginga er for å få bedre tilkomst og bedre plass.

Elles har det dei siste 15 til 20 åra vore ein sterk reduksjon av støy ifrå skytebane. Dette fordi veldig mange har fått seg lyddemparar på børsene. Dette reduserer støyen med ca 70 – 90 %.

I tida som kjem vil nok enno fleire få seg lyddempar og støyen frå bana vil verte redusert også i åra som kjem.

Me ber om at dette vert lagt ved sakspapira til vegsøknaden.

Med helsing

Hjartåbygda skyttarlag



POLITIET

Hjartåbygda skyttarlag,

V/ Hogne Homberset

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Ørsta, 16.9. 2016

FRÅSEGN

Hjartabygda skyttarlag v/ leiar Hogne Homberset har orientert meg om at laget har planar om oppføring av skyttarhus i tilknytning til skytebanen.

Laget hadde i 2015 267 medlemmar. 75 av desse var yngre enn 25 år. I sommarhalvåret gjev laget tilbod på skytebanen i Aldalen, om vinteren har laget aktivitetar i grendahuset i Hjartåbygda.

Eg er kjend med at laget gjev tilbod til aktive jegerar og skyttarar i Austefjorden, Volda og Ørsta. Laget driv fram god og trygg jaktkultur. Yngre og vaksne jegerar har skytebanen som eit viktig samlings- og møtepunkt.

At fleire generasjonar og grannar møtast på skytebanen er særers verdifull aktivitet.

Tilbodet aukar trivnaden i Austefjorden, og medfører at unge lettare finn seg til rette og vil satse i bygdene.

Skarpskyting har lange tradisjonar i Austefjorden, og aktive frå skyttarlaget har vore og er gode mannskap i Heimevernet.

Som lensmann ynskjer eg desse verdiane vidareført, og tilrår sterkt at laget finn rom for oppføring av skyttarhus.

Eit triveleg skyttarhus vil auke aktiviteten på skytebanen, og huset kan også nyttast til instruksjon og vegledning av unge jegerar og skyttarar.


Guttorm Hagen, lensmann i Volda og Ørsta



Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Per Norvald Walderhaug / 90288380	16/41899-2	2016/354 3136/2016	11.04.2016

Fv 43 – Oppføring av hus, skytebane og veg – gbnr. 35/3, 36/1, 37/2 og 38/3 i Aldalen – Volda kommune – Dispensasjon frå plan og jordlov – Uttale

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjar for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Vi viser til e-post datert 15.3.2016 med oversending av dokument vedr. søknad om dispensasjon frå kommunedelplan i samband med etablering av skytebane med tilhøyrande infrastruktur på eigedomen 35/3 m.fl. i Aldalen i Volda kommune.

Statens vegvesen har slik merknad til saka:

Vi har ingen merknad til dispensasjon for etablering av skyttarbane. Etter at det eventuelt blir gitt dispensasjon frå plan, må det søkjast om løyve til ny avkjørsel frå fylkesveg 43. Det kan påreknast at slikt løyve vert gitt på visse vilkår.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Landsdekkende regnskap
Postboks 2525			
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/354	14.03.2016	22395/2016/DISPENSASJON/1519	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	20.04.2016

Volda kommune - høring - oppføring av hus, skytebane og veg gbnr 35/3, 37/2 og 38/3 i Aldalen - fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer området for oppføring av hus, skytebane og veg gbnr. 35/3, 37/2 og 38/3 i Aldalen til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarende mindre. Om uføresette tilhøve fører til forlenga registrering vil vi varsle om dette.

Eventuelle funn kan få innverknad på korleis tiltaka vert utforma.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63

Vedlegg: Budsjett, arkeologisk registrering.

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		107948/2016/DISPENSASJON/1519	Guro Dehli Sanden, 71258863	17.10.2016

Tilbakemelding etter gjennomført arkeologisk registrering - oppføring av hus, skytebane og veg gbnr 35/3, 37/2 og 38/3 i Aldalen - Volda kommune

Vi visar til tidlegare korrespondanse i saka.

Kulturavdelinga har no føreteke arkeologiske registreringar i planområdet for oppføring av hus, skytebane og veg i Aldalen. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og vi har derfor ingen merknadar til det vidare planarbeidet. Rapport og refusjonskrav for dei arkeologiske registreringane vil bli ettersendt.

Med helsing

Guro Dehli Sanden
Arkeolog/Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Stian Hjorthaug
Hogne Homberset



MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr:	2016/201
Delegert sak nr:	11/16	Arkiv:	611
		Vedtaksdato:	18.03.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Saka gjeld: 1519 GRUNNAVTALE SKYTEBANE ALDALEN - JORDLOVA § 12

VEDTAK:

Landbruksmynde viser til søknad datert 01.02.16 med grunnavtaler mellom Hjartåbygda skyttarlag og desse eigedomane i Volda kommune:

Gnr 35, bnr 3

Gnr 36, bnr 1

Gnr 37, bnr 1 og bnr 2

Gnr 38, bnr 3

Gnr 40 bnr 1 og bnr 2

Det vert gitt løyve etter jordlova § 12 for frådeling av bruksrett til grunn for skytebane m.m. i Aldalen, jfr. avtaler datert 16.12.15 og 30.01.16. Grunngeving er at frådelinga ikkje fører til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området

Orientering om rett til å klage på enkeltvedtak:

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen. Adresser klagen til Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Utskrift:

Hjartåbygda skyttarlag v. Hogne Homberset Løviknesvegen 15 6106 VOLDA
Volda kommune, forvaltningsstyret – til orientering

Marianne Aurstad

Harald Asle Aasen

Eva Bente Rønning

Lise Reite Dimmen

Hilde Karin Hjorthaug Berg

Olav Ullaland og Eva Marie Ullaland

Jostein Ullaland og Åshild Ullaland

Saksdokument:

I 11.02.2016 10.02.2016 Grunnavtalar skytebane Hjartåbygda skyttarlag

Saksopplysningar:

Hjartåbygda skyttarlag v. Hogne Homberset har inngått grunnavtalar datert 16.12.15 og 30.01.16 med fleire grunneigarar for skytebane med standplass, skiver og standplassoverbygg i Aldalen. Avtalane gjeld frå januar 2016 til 31.12.60, og må difor handsamast etter delingsparagrafen i jordlova for dei enkelte bruka. Søknad om deling etter jordlova er sendt på e-post til landbrukskontoret 01.02.16. Skytebana er eksisterande, men det skal byggast på huset på standplass, og lagast til vegtilkomst. Dette er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og det er sendt søknad til Volda kommune. Sak etter plan- og bygningslova vert teken opp i forvaltningsstyret, saka etter jordlova vert teken som delegert sak.

Hjartåbygda skyttarlag har grunnavtale med desse eigedomane:

Gnr 35, bnr 3

Gnr 36, bnr 1

Gnr 37, bnr 1 og bnr 2

Gnr 38, bnr 3

Gnr 40 bnr 1 og bnr 2

Vi har slike opplysningar om bruka det er søkt om deling frå, arealopplysningane er henta frå gardskarta på nettsidene til Skog og landskap:

- Gnr 35 bnr 3. Eigar Marianne Aurstad. Arealgrunnlag etter gardskartet er 17,7 da jordbruksareal, 191,4 da skogsmark, 47,5 da anna areal; eit totalareal på 256,6 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 36 bnr 1. Eigar Harald Asle Aasen. Arealgrunnlag etter gardskartet er 15,9 da jordbruksareal, 297,7 da skogsmark, 45,4 da anna areal; eit totalareal på 359 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 37 bnr 1. Eigar Eva Bente Rønning. Arealgrunnlag etter gardskartet er 24,2 da jordbruksareal, 168,1 da skogsmark, 46,7 da anna areal; eit totalareal på 239 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 37 bnr 2. Eigar Lise Reite Dimmen. Arealgrunnlag etter gardskartet er 37,3 da jordbruksareal, 223,1 da skogsmark, 84,1 da anna areal; eit totalareal på 344,5 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 38 bnr 3. Eigar Hilde Karin Hjorthaug Berg. Arealgrunnlag etter gardskartet er 60,1 da jordbruksareal, 75,4 da skogsmark, 38,2 da anna areal; eit totalareal på 173,7 da. Driv med mjølkeproduksjon på ku, og litt sauehald.
- Gnr 40 bnr 1. Eigarar Olav Ullaland og Eva Marie Ullaland. Arealgrunnlag etter gardskartet er 58,8 da jordbruksareal, 613,6 da skogsmark, 141,8 da anna areal; eit totalareal på 814,2 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 40 bnr 2. Eigarar Jostein Ullaland og Åshild Ullaland. Arealgrunnlag etter gardskartet er 72,6 da jordbruksareal, 723,9 da skogsmark, 163,9 da anna areal; eit totalareal på 960,4 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.

Vurdering og konklusjon:

Søknaden må handsamast etter delingsparagrafen i jordlova, § 12, sidan dette gjeld frådeling av bruksrett lenger enn 10 år. Søknaden vert teken som delegert sak.

§12 Deling i jordlova lyder:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

(etc.)

Dette gjeld ein avtale om bruk av grunn i Aldalen, for skytebane som allereie er etablert, og utviding/påbygg. Leigeavtalen er på 45 år. Eg kan ikkje sjå at ein slik avtale vil føre til store drifts- og miljømessige ulemper for bruka og for landbruket i området. Det ligg jordbruksareal i Aldalen, men tunområda ligg andre stader. Sjølve plasseringa av vegtilkomst og påbygg vert handsama i eiga sak, slik at landbruksinteressene kan takast omsyn til der.

Med denne grunngjeving vert det gjeve løyve til frådeling av bruksrett til grunn frå dei aktuelle bruka, til Hjartåbygda skyttarlag, med vising til avtalar datert 16.12.15 og 30.01.16.

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Lars Løkeland Slåke

Arkivsak nr.: 2016/1761

Arkivkode:

Utvalsaksnr Utval Forvaltningsstyret
79/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
15.11.2016

SCOOTERLØYVE VOLDA KOMMUNE 2017 - 2020

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningstyret vedtek å vidareføre løysinga for snøscooterløyve som har vore i perioden 2013 – 2016 til ei ny periode 2017 – 2020 og at det vert sendt ut utlysning i samband med nytt val av aktørar.

Vedleggsliste:

Vedtak Snøscooterløyve jan 2014

Samandrag av saka:

Dei ervervmessige snøscooterløyva til Fjellvenner i Dalsfjorden, RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp og AS Humberset Bil - og Mek. Verkstad går ut i årsskiftet 2016 – 2017. Det er derfor nødvendig med ei vurdering av ordninga med ervervmessige snøscooterløyve i Volda kommune og kva løysning ein skal gå for vidare. Administrasjonen foreslår å vidareføre løysinga for perioden 2017 – 2020, med utlysning av løyver i løpet av utgongen av 2016.

Saksopplysningar/fakta:

I 2013 blei det etablert ei ordning for ervervmessig kjøring med snøscooter i Volda kommune. I utgangspunktet gjaldt ordninga RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp og AS Humberset Bil - og Mek. Verkstad. Idrettslaget Vingtor har hatt eit liknande løyve som no er overtatt av «Fjellvenner» som i hovudsak tar seg av scootertrafikk til hyttefelt ved Dalsbygda.

Dei tre aktørane oppgjev at dei ynska å fortsette med ordninga og vil søke framtidig løyve.

Ordninga frå 2013 slår fast at ved ordningas slutt så skal det vurderast i kva grad ordninga har fungert.

Etter samtale med dei tre aktørane kjem det fram at ordningar fungera godt for deira del, men det er noko missnøye då ein av dei mistenker at det skjer ein del transport med snøscooter i kommunen utan løyve, spesielt på Folkestadsida av fjorden. Vidare oppgjev aktørane at dette ikkje er noko dei tenar pengar på, men at det i større grad er for å gjere ei teneste for samfunnet.

I perioden 2013 – 2016 er det mottatt nokon klager på at aktørane (spesielt ein aktør) ikkje er tilgjengelege då det er behov for scooter, dette er eit problem med ordninga.

I Volda kommune er ikkje snøscootertransport eit stort problem då aktiviteten er låg. Administrasjonen ynske at det skal fortsette på denne måten. Ordninga for perioden 2013 – 2016 meiner administrasjonen har bidrege til å halde aktiviteten låg, då aktiviteten blir kanalisert til dei nemnde aktørane.

Snøscooter aktivitet i kommunen kan koplast til samfunnsdelen, både positivt og negativt. Tema frå samfunnsdelen som er av interesse er spesielt:

Tema	Mål	Strategi
Volda i regionen	Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.	Sikre, utvikle og legge til rette for viktige friluftslivsområde i heile kommunen.
Samfunnstryggleik	Det skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen.	Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Snøscooterbruk har både negative og positive sider. Dei negative er kopla til støy og reduserte naturopplevingar for allmennheita.

Positive sider gjeld transport av utstyr og personar samt for tryggleik ved risikosituasjonar der snøscooter er ønskeleg framkomstmiddel. Sjølv om scooterkjøring kan gjere naturopplevinga dårlegare for nokon så er det nettopp scooter som kan gjere naturopplevinga mulig for andre.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Å ha menneske i kommunen med kompetanse på snøscooter er positivt i forhold til beredskap i vintermånedane.

Vurdering og konklusjon:

Snøscooterordninga i kommunen har fungert nokså godt i perioden 2013 – 2016 og administrasjonen anbefala ei vidareføring av ordninga.

Det rådst til at administrasjonen sett i gong ei utlysning av løyve i kommunen der aktuelle aktørar kan søke kommunen om ervermessig snøscooterløyve.

Vilkår som anbefalast er at aktørane noterer dato, kilometer og føremål ved kjøring og leverar dette i løpet av mai månad kvart år, at tryggleik er ivaretatt og at scooter aktiviteten ikkje går utover løyvet som er gitt. Vidare er det forventning om at aktørane i stor grad er

tilgjengeleg for ervervmessige oppdrag i perioden der løyve gjeld. Brot av vilkår og forventningar kan føre til inndraging av løyve.

Ved tildeling av løyve anbefalast det at geografisk plassering av aktør, erfaring og kompetanse vert vektlagt. Dessutan kan forvaltningsstyre vurdere i kva grad frivillige lag og organisasjonar skal prioriterast for løyve. Aktuelle søkarar og innstilling til dei frå administrasjonen er planlagt presentert for forvaltningsstyret på møte januar 2017 for vurdering.

Det er ønskeleg at forvaltningsstyret avgjer om Volda kommune skal fortsette med eksisterande ordning eller om det er andre ønskelege løysingar. Vår tilråding er at eksisterande ordning held fram.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

AS Humberstet Bil- og Mek. Verkstad
RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp
Fjellvenner v/Janne Dalebø

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2013/2249	423/2014	K01	SVK/ US	15.01.2014

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNALE LØYVER FOR TRANSPORT MED SNØSKUTER

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 14.01.14, hadde føre ovannemnde som sak 3/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Søknadane om leigekøyring med snøskuter i Volda kommune frå RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp og AS Humberst Bil - og Mek. Verkstad vert imøtekommen.*
- 2. Løyvet gjeld for 3 år frå vedtak er fatta – etter 3 år skal ordninga evaluerast.*
- 3. Løyvehavarane skal berre utføre oppdrag som er godkjend av Volda kommune, og skal kvart år sende inn rapport over omfang av utførte oppdrag.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sakshandsamar Roger Nedreklepp

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:
6100 Volda	70058886	7005870170058701
		Org. nr:
		Bankgiro:
		939 760 946
		3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2013/2249

Arkivkode: K01

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

3/14

Forvaltningsstyret

14.01.2014

KOMMUNALE LØYVER FOR TRANSPORT MED SNØSKUTER – ROLF GUNNAR KLEPP OG AS HUMBERSET BIL- OG MEK.VERKSTAD V/ODD JOHAN HUMBERSET

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 14.01.2014

- 1. Søknadane om leigekøyring med snøskuter i Volda kommune frå RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp og AS Humberset Bil - og Mek. Verkstad vert imøtekomen.*
- 2. Løyvet gjeld for 3 år frå vedtak er fatta – etter 3 år skal ordninga evaluerast.*
- 3. Løyvehavarane skal berre utføre oppdrag som er godkjend av Volda kommune, og skal kvar år sende inn rapport over omfang av utførte oppdrag.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1.Søknadane om leigekøyring med snøskuter i Volda kommune frå RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp og AS Humberset Bil - og Mek. Verkstad vert imøtekomen.*
- 2. løyvet gjeld for 3 år frå vedtak er fatta – etter 3 år skal ordninga evaluerast.*
- 3. Løyvehavarane skal berre utføre oppdrag som er godkjend av Volda kommune, og skal kvar år sende inn rapport over omfang av utførte oppdrag.*

Vedleggsliste:

Vår ref.: 2013/2249

Side 2 av 5

Søknad om løyve til bruk av snøskuter – RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp
Søknad om løyve til bruk av snøskuter – AS Humberset Bil- og Mek. Verkstad v/Odd Johan Humberset
Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagde vassdrag

Saksopplysningar:

RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp har i søknad av 6. desember 2013 søkt om å bruke snøskuter til nyttekøyring i Volda kommune.

AS Humberset Bil- og Mek. Verkstad v/Odd Johan Humberset har i søknad av 18. desember 2013 søkt om løyve til utleige av snøskutertenester.

Søknadane ligg ved saka.

Humberset Bil- og Mek. Verkstad har hatt slike løyver sidan 80- talet. RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp søker for første gong.

Bruk av snøskuter er heimla i *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 1978* med seinare endringar, og *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagde vassdrag*.

I utgangspunktet er motorferdsel i utmark ikkje tillate med mindre der er gjort med vedtak med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, § 3.

Hovedføremålet med lov og forskrift om motorferdsel i utmark er å verne om naturmiljøet og fremje trivsel for ålmenta ute i naturen.

Både lova og nemnde forskrift har likevel ei rekkje unntak frå denne hovudregelen, der nyttetraffikk for fastbuande, institusjonar og generelle samfunnstenester er ivaretekne, § 4 i lova.

§ 4 a. (forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag).

Motorkjøretøyer kan i utmark og på islagte vassdrag bare brukes i samsvar med forskrift gitt av departementet.

Det er med utgangspunkt i denne forskrifta sin §3 og §5 at saka vert handsama.

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttas til:

- a) formål som nevnt i motorferdsellovens § 4 første ledd,*
- b) andre formål som nevnt i § 2 i denne forskrift,*
- c) transport som er nødvendig for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringssteder, skiheiser m.v.) som ikke ligger til brøytet bilveg,*
- d) transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse,*
- e) opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurranser, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter,*
- f) nødvendig transport i forbindelse med vitenskapelige undersøkelser, herunder dyretellinger og liknende registreringer, etter oppdrag fra forskningsinstitusjon,*
- g) nødvendig transport av ved fra egen eiendom til fast bopel, samt etter utvisning fra skogforvaltningen i Finnmark.*
- h) praktisk kjøretrening på nærmere fastsatte områder ved obligatorisk opplæring for beltemotorsykkelførere. Områdene fastsettes av fylkesmannen etter forslag fra kommunene.*
- i) transport i forbindelse med kommunalt organiserte akuttiltak for å redusere påkjørselsrisiko for elg og annet hjortevilt ved vei eller jernbane.*

Kommunestyret kan gi bestemmelser om kjøring som nevnt i bokstavene b-g, herunder om områder, traseer, sesonglengde, tidspunkter for kjøring, utstyr m.v.

Bestemmelsene i § 2 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende.

§ 5. *Etter skriftlig søknad kan kommunestyret gi tillatelse til bruk av snøscooter for:*

- a) fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg*
 - transport mellom bilveg og hytte,*
 - tilsyn med privat hytte etter eierens oppdrag,*
 - transport for massemedia på reportasjeoppdrag,*
 - transport av funksjonshemmede,*
 - transport av ved,*
 - transport etter dispensasjon i medhold av denne forskrifts § 6,*
- b) funksjonshemmede,*
- c) eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligger minst 2,5 km fra brøytet bilveg når det i området ikke er mulighet for leiekjøring etter bokstav a,*
- d) kjøring i utmarksnæring for fastboende,*
- e) transport av ved utover det som følger av denne forskrifts § 3 første ledd bokstav g,*
- f) gruppeturer på snødekt mark for beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner, medlemmer av pensjonistforeninger eller forflytningshemmede. Turen må være i regi av helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjoner. Tillatelse kan kun gis for transport til bestemte turmål og langs nærmere bestemte traseer dersom kommunen anviser slike.*

Kommunestyrets myndighet etter denne paragraf kan delegeres til et folkevalgt organ eller kommunal tjenestemann.

Det er §5a i forskrifta som gjev kommunen heimel til å imøtekome desse søknadane om ervervsmessig leigekjøring med snøskuter.

Vurdering og konklusjon:

I Volda kommune er bruk av snøskuter relativt lite brukt. Topografien vår og relativt korte avstandar til t.d. hyttefelt, fordrar ikkje den store snøskuterparken i Volda. I høve til slitasje og uro i naturen, uro av dyreliv og friluftsliv er nok konfliktnivået i dag ikkje noko stort problem med høve til den praktiske bruken av snøskuter i kommunen i dag.

Og slik må det fortsetje å være i kommunen.

Ein vil likevel ikkje unnlate å nemne at det frå tid til anna er komne inn rapportar om bruk av snøskuter utan kommunalt løyve og som ikkje kan kome under kategori av nyttekjøring.

Dette er sjølvstakt både ulovleg og til unødig sjenanse for både naturoppleving og fauna.

At snøskutertrafikk for nytteoppdrag etter § 5a vert sett bort til faste ekvipasjar ser kommunen på som ein fordel – dei som treng nemnde transport kan vende seg til desse som har eigna utstyr og kan utføre tenesta med profesjonelt utstyr. Med å imøtekome desse søknadane om leigekjøring i kommunen bør desse ta unna den transport som er opplista i §5a i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagde vassdrag*.

Det er frå Humberset Bil- og Mek. Verkstad, som har hatt løyve samanhengande over lang tid, opplyst at det er liten pågang på leigeoppdrag for snøskuter. I utgangspunktet kunne nok Volda kommune greidd seg med eit løyve. Noko kommersielt omfang kan nok ikkje leigekjøring med snøskuter verte i kommunen.

Ut frå denne grunngjeving, om at to ekvipasjar tek unna denne nyttetraffikken og avgrensar andre løyve for enkeltoppdrag, finn kommunen å gjere vedtak om å imøtekome søknadane. Ein vil difor gje eit 3-årig løyve og deretter evaluere ordninga om denne er hensiktsmessig for Volda kommune.

Det vil likevel vere eit krav at oppdrag etter §5a vert søkt om og godkjend av kommunen. Løyvehavarane skal kvart år gje ein rapport til kommunen om tal og omfang av utførde oppdrag.

Helse og miljøkonsekvensar:

Bruk av snøskuter i naturen kan i utgangspunktet vere negativt, ikkje minst gruna støy og som eit generelt uromoment.

Med fornuftig og sterkt avgrensa skutertrafikk, som Volda kommune legg opp til, kan det være med vere at fleire, eks. funksjonshemma, får nytte og nytte naturopplevingar.

Helse og miljø vert best ivaretekne med ei streng praktisering av nyttetraffikk for snøskuter, Volda kommune vil ikkje nytte seg av det frislepp av skuterkøyring som sentrale styresmakter no legg opp til.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Godt utstyrde snøskuterekvipasjar kan i naudsynte tilfelle vere eit godt supplement i redningsaksjonar m.m.

.....
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

RG Klepp v/Rolf Gunnar Klepp, Seljebakken 14B, 6100 Volda
Humberset Bil- og Mek. Verkstad, Postboks 169, 6101 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Unni Strand

Arkivsak nr.: 2016/1716

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr **Utval**
80/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
15.11.2016

MØTEPLAN 2017 - FORVALTNINGSUTVALET

Administrasjonen si tilråding:

Følgjande møteplan for 2017 for forvaltningsutvalet vert godkjent

	FORVALTNINGSUTVALET
JANUAR	10.
FEBRUAR	7.
MARS	14.
APRIL	18.
MAI	9.
JUNI	6.
JULI	
AUGUST	22.
SEPTEMBER	19.
OKTOBER	24.
NOVEMBER	21.
DESEMBER	5.

Møtetidspunkt for forvaltningsutvalet er kl. 13:00.

Vedleggsliste:

Framlegg til møteplan for 2017 for politiske styre og utval i Volda

Saksopplysningar/fakta:

Ved handsaminga av møteplan for 2016 gjorde kommunestyret bla. fylgjande vedtak:

Oversending til formannskapet:

Formannskapet og kommunestyret startar møta sine klokka 12.00. Budsjettmøte i kommunestyret 15. desember startar klokka 10.00

Frå 2017 skal det så langt som råd ikkje leggst politiske møter i skuleferiane.

Utvala får møteplanen til handsaming i forkant av endeleg vedtak i kommunestyret.

Møta må sjåast i samanheng av omsyn til bl.a. møterom og kapasiteten i administrasjonen. Legg ein to møte på same dag, kan det bli utfordrande å skaffe vara, då nokre av politikarane er medlemmer og varamedlemmer i fleire utval. Det er likevel vanskeleg å unngå heilt.

Førebels har vi sett opp driftsstyret med eitt møte i månaden. Kommunestyret vedtok den 25.08.16 at driftsstyret skulle delast i to tenesteutval frå 01.01.17 - tenesteutval for helse og omsorg (THO) og tenesteutval for barn og kultur (TOK).

Når vi har sett opp forslag til møteplan, har vi prøvd å ta hensyn til:

- Forvaltningsutvalet må ha møtet i januar i god tid før den 15. p.g.a. frist for kommunal handsaming av spelemiddelsøknader.
- Vinterferie i veke 8 (20.-26. februar) og haustferie i veke 41 (9. – 16. oktober)
- Arbeidslivskonferanse 4. - 6. april 2017
- Stortingsval den 11. september 2017. Då er det ikkje kapasitet til politiske møte i veka før og etter valdagen.
- Siste skuledag på våren 22.06.16, første skuledag på hausten 21.08.16 og siste før jul 21.12.17.

Møtetidspunkt:

Forvaltningsutvalet har i det siste hatt møtestart kl. 13:00

Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.

Inger-Johanne Johnsen
Sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret for vidare arbeid

MØTEPLAN FOR 2017

Januar 2017		Februar 2017		Mars 2017		April 2017		Mai 2017		Juni 2017	
S 1 Nyttårsdag		O 1		O 1		L 1		M 1 Første mai	18	T 1	
M 2	1	T 2		T 2 KST		S 2		T 2 FSK		F 2	
T 3		F 3		F 3		M 3	14	O 3		L 3	
O 4		L 4		L 4		T 4		T 4		S 4 Første pinsedag	
T 5		S 5		S 5		O 5		F 5		M 5 Andre pinsedag	23
F 6		M 6	6	M 6	10	T 6		L 6		T 6 FORV	
L 7		T 7 FORV		T 7 FSK		F 7		S 7		O 7 DRIFT	
S 8		O 8 DRIFT		O 8		L 8		M 8 ELDRE/FUNK	19	T 8	
M 9	2	T 9		T 9		S 9 Palmesøndag		T 9 FORV		F 9	
T 10 FSK FORV		F 10		F 10		M 10	15	O 10 DRIFT/UNG		L 10	
O 11		L 11		L 11		T 11		T 11		S 11	
T 12		S 12		S 12		O 12		F 12		M 12	24
F 13		M 13 ELDRE/FUNK	7	M 13	11	T 13 Skjærtorsdag		L 13		T 13 FSK	
L 14		T 14 FSK		T 14 FORV		F 14 Langfredag		S 14		O 14 UNG	
S 15		O 15 UNG		O 15 DRIFT/UNG		L 15		M 15	20	T 15	
M 16	3	T 16		T 16		S 16 Første påskedag		T 16 FSK		F 16	
T 17		F 17		F 17		M 17 Andre påskedag	16	O 17 Grunnlovsdagen		L 17	
O 18 DRIFT/UNG		L 18		L 18		T 18 FSK FORV		T 18		S 18	
T 19		S 19		S 19		O 19 UNG DRIFT		F 19		M 19	25
F 20		M 20	8	M 20	12	T 20		L 20		T 20	
L 21		T 21 FSK		T 21 FSK		F 21		S 21		O 21	
S 22		O 22		O 22		L 22		M 22	21	T 22 KST	
M 23	4	T 23		T 23		S 23		T 23		F 23	
T 24		F 24		F 24		M 24	17	O 24 KST		L 24	
O 25		L 25		L 25		T 25		T 25 Kristi himmelfartsdag		S 25	
T 26 KST		S 26		S 26		O 26		F 26		M 26	26
F 27		M 27	9	M 27	13	T 27 KST		L 27		T 27 FSK	
L 28		T 28		T 28		F 28		S 28		O 28	
S 29				O 29		L 29		M 29	22	T 29	
M 30	5			T 30 KST		S 30		T 30 FSK		F 30	
T 31 FSK				F 31				O 31			

Ukenr.no

MØTEPLAN FOR 2017

Juli 2017	August 2017	September 2017	Oktober 2017	November 2017	Desember 2017
L 1	T 1	F 1	S 1	O 1	F 1
S 2	O 2	L 2	M 2 FSK 40	T 2	L 2
M 3 27	T 3	S 3	T 3	F 3	S 3
T 4	F 4	M 4 36	O 4	L 4	M 4 49
O 5	L 5	T 5	T 5	S 5	T 5 FORV
T 6	S 6	O 6	F 6	M 6 45	O 6 DRIFT/UNG
F 7	M 7 32	T 7	L 7	T 7	T 7
L 8	T 8	F 8	S 8	O 8	F 8
S 9	O 9	L 9	M 9 41	T 9 KST pres. budsj.	L 9
M 10 28	T 10	S 10	T 10	F 10	S 10
T 11	F 11	M 11 Valdag 37	O 11	L 11	M 11 50
O 12	L 12	T 12 Valstyre	T 12	S 12	T 12 FSK
T 13	S 13	O 13	F 13	M 13 46	O 13
F 14	M 14 33	T 14	L 14	T 14 FSK	T 14 KST
L 15	T 15 FSK	F 15	S 15	O 15 DRIFT/UNG	F 15
S 16	O 16 DRIFT	L 16	M 16 42	T 16	L 16
M 17 29	T 17	S 17	T 17 FSK	F 17	S 17
T 18	F 18	M 18 38	O 18 DRIFT/UNG	L 18	M 18 51
O 19	L 19	T 19 FSK FORV	T 19	S 19	T 19
T 20	S 20	O 20 DRIFT	F 20	M 20 ELDRE/FUNK 47	O 20
F 21	M 21 34	T 21	L 21	T 21 FSK FORV	T 21
L 22	T 22 FORV	F 22	S 22	O 22	F 22
S 23	O 23	L 23	M 23 43	T 23	L 23
M 24 30	T 24	S 24	T 24 FORV	F 24	S 24
T 25	F 25	M 25 ELDRE/FUNK 39	O 25	L 25	M 25 Første juledag 52
O 26	L 26	T 26	T 26 KST	S 26	T 26 Andre juledag
T 27	S 27	O 27 UNG	F 27	M 27 48	O 27
F 28	M 28 35	T 28 KST	L 28	T 28 FSK	T 28
L 29	T 29	F 29	S 29	O 29	F 29
S 30	O 30	L 30	M 30 FSK 44	T 30 KST	L 30
M 31 31	T 31 KST		T 31	Ukenr.no	S 31

PS 81/16 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 7/16 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - svar på klagesak i forvaltingsstyret - konsesjon gbr 66/2



KOPI

Hilde og Jostein Fosshiem
Sunndalsvegen 26
6110 AUSTEFJORDEN

ØRSTA KOMMUNE	
Seksjon	Saksh.
kun	Viddal
15 SEPT 2016	
Saksnr.	2015/1834
Løpenr.	D
Klass.	Tilg.
1519/66/2	A

Klage på vedtak om å avslå konsesjon - Volda kommune - gnr66 bnr2 - klager: Hilde Skaare Fosshiem og Jostein Fosshiem

Hilde Skaare Fosshiem og Jostein Fosshiem fekk avslag på søknad om konsesjon for erverv av landbrukseigedomen gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune, i vedtak fatta i forvaltningsstyret 16. februar 2016. Vedtaket er påklaga i brev frå søkjarane 6. mars 2016. Saka er sendt over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Vedtak

Med heimel i konsesjonslova § 9 første ledd opphevar Fylkesmannen i Møre og Romsdal Volda kommune sitt vedtak om å avslå konsesjon for Hilde Skaare Fosshiem og Jostein Fosshiem sitt erverv av gnr. 66 bnr. 2.

Det vert gitt konsesjon til Hilde Skaare Fosshiem og Jostein Fosshiem for erverv av gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Med heimel i konsesjonslova § 11 andre ledd vert det sett vilkår om at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare i forvaltninga.

Saksopplysningar

Klagarane søkte konsesjon for erverv av gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune 2. november 2015. Kjøpekontrakt blei inngått med Sverre Sundalsvoll kor avtalt kjøpesum er oppgitt til 900 000 kr. Søkjarane eig frå før gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3. Drifta av desse er leigd ut til slått, beite og dyrehald. Føremålet med ervervet av gnr. 66 bnr. 2 er å dyrke opp gjengrodd jordbruksareal og pleie kulturbeitet. Dei leiger ut gnr. 48 bnr. 4 til geitehald og ønskjer å utvide driftsgrunnlaget.

Omsøkte eigedom, gnr. 66 bnr. 2 har ifølgje opplysningar på NIBIO sitt gardskart eit totalareal på 355,8 daa kor 16,2 daa er fulldyrka jord, 27,4 daa er innmarksbeite og 147 daa produktiv skog. Det er våningshus, driftsbygning og stabbur i dårleg stand på eigedomen.

Landbrukseigedomen søkjarane eig sjølv, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3 ligg i Austefjorden. Dei bur på gnr. 48 bnr. 4 som ikkje ligg langt frå konsesjonseigedomen. Ifølgje opplysningar frå gardskartet har driftseininga eit totalareal på 248,1 daa kor 63,9 daa er fulldyrka jord,

18,9 daa er innmarksbeite og 134,6 daa er produktiv skog. Jordbruksarealet er leigd ut til Ragnar Høydalsvik og Hogne Humberstet.

I innstillinga frå landbrukskontoret datert 8. februar 2016 blei det tilrådd at søkjarane fekk konsesjon på eigedomen som tilleggsjord til eige bruk. Forvaltningsstyret fatta vedtak 16. februar 2016 om å avslå konsesjonssøknaden. Grunngevinga for avslaget var at Forvaltningsstyret ønskjer stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kunne ikkje sjå at ein konsesjon til søkjarane kunne føre til det.

Søkjarane klaga på vedtaket i brev datert 6. mars 2016. Det er i hovudsak vist til at framlegget frå administrasjonen rådde til at dei skulle få konsesjon på eigedomen, og nytte denne som tilleggsareal til eige gardsbruk. I tillegg opplyser dei at eldste sonen og sambuar ønskjer å overta huset på sikt og busetje seg i Austefjorden. Før den tid var plana å få ferdigstilt uteområdet og pusse opp huset. Dei har opplyst at huset på bruket ikkje kan seiast å vere bebueleg utan ei omfattande restaurering.

Med bakgrunn i nye opplysningar i klagen blei det tilrådd at forvaltningsstyret fatta vedtak om å gi konsesjon, no med vilkår om buplikt, anten personleg i 5 år eller upersonleg i 10 år. Det blei tilrådd ein frist på 2 år for busetjing.

Forvaltningsstyret fatta vedtak i møte 10. mai 2016 om å oppretthalde tidlegare vedtak om avslag på konsesjon. I grunngevinga blei det vist til at forvaltningsstyret ønskjer å oppretthalde eigedomen som eit sjølvstendig bruk. Det blei vist til at Austefjordområdet har hatt vesentleg nedgang i folketalet siste åra, og det å oppretthalde eigedomen som sjølvstendig bruk vert difor vurdert som viktig.

Fylkesmannen sin kompetanse

Fylkesmannen er med heimel i FOR 2003-12-08 nr. 1479 (*Vedtak om overføring av myndighet til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven*) § 8 rette klageinstans for vedtak om konsesjon fatta av kommunen, jf. § 1 i same forskrift.

Fylkesmannen kan med heimel i forvaltningslova § 34 prøve alle sider av saka og har plikt til å vurdere dei synspunkt klagar gjer gjeldande, mellom anna synspunkt som gjeld realiteten i saka, sakshandsaminga og krav til likebehandling.

Fylkesmannen har mynde til å stadfeste, oppheve eller endre vedtaket med heimel i forvaltningslova § 34. Ved prøving av det frie skjønn, er Fylkesmannen forplikta til å ta omsyn til det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen skal vurdere om Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim skal gjevast konsesjon for sitt erverv av gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune.

Søknad om konsesjon for erverv av landbrukseigedom skal handsamast etter konsesjonsloven. Konsesjonsloven har verkemiddel for å ivareta loven sitt formål som er «å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets

produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn*
- 4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinnteresser.*
- 5. hensynet til bosettingen.»*

Ved avgjerd av ein søknad som gjeld erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksformål, skal det etter konsesjonslova § 9 leggjast særleg vekt på om den avtala prisen kan tilgodesjå ein samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling, om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området, om ervervet inneber ei driftsmessig god løysing, om ervervar er skikka til å drive eigedomen og om ervervet ivaretar omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Ifølgje rundskriv M-2/2009 «Konsesjon og boplikt» skal konsesjonsvurderinga ta utgangspunkt i søkjar sitt føremål med ervervet. Føremålet skal vurderast i høve til dei samfunnsinteressene som gjer seg gjeldande i saka. Om konsesjon blir gitt eller ikkje, beror på ei konkret og individuell vurdering. Ingen har krav på konsesjon, men konsesjon skal gjevast med mindre det er saklig grunn til å avslå. Konsesjonsmynda må ta stilling til dei omsyn som er relevante i saka og kor stor vekt dei skal ha.

Prisen på eigedomen er under grensa for prisvurdering, jf. § 9 første ledd nr. 1. Det er heller ikkje tvil om at eigarane er skikka til å overta, jf. første ledd nr. 4. Konsesjonseigedomen vil etter søkjar sine planer verte tilleggsareal til landbrukseigedomen søkjarane eig frå før. Omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet er såleis oppfylt, jf. første ledd nr. 5. Vidare legg Fylkesmannen til grunn at erverv av tilleggsjord i denne saka inneber ei god driftsmessig løysing, jf. første ledd nr. 3.

Når det gjeld omsynet til busetting jf. første ledd nr. 2, skal det ifølgje rundskriv M-2/2009 på side 24 avklarast om omsynet til busetting gjer seg gjeldande i det aktuelle området og med kor stor tyngde. Det må takast stilling til om det er nedgang eller fare for nedgang i folketalet i området.

Kommunen har vedteke ein «Strategi for busetting på bygdene», frå mai 2013. Den handlar m.a. om korleis ein kan legge til rette for auka busetting på bygdene, der mellom anna Fyrdeområdet er nemnt. Statistikk frå SSB for Austefjordområdet visar at det har vore jamn nedgang i folketalet i perioden 1999-2016. Fylkesmannen legg derfor til grunn at omsynet til busetting gjer seg gjeldande i det aktuelle området. I rundskriv M-2/2009 står det følgjande om omsynet til busetting i saker som gjeld erverv av tilleggsjord:

«Gjelder saken erverv av tilleggsjord vil bosettingshensynet kunne ivaretas dersom det er grunn til å tro at en utvidelse av ressursgrunnlaget er med på å danne grunnlag for videre bosetting på eiendommen».

Fylkesmannen legg til grunn at utviding av ressursgrunnlaget gjer det pårekeleg med vidare busetjing på eigedomen, då erverv av konsesjonseigedomen som tilleggsjord klart inneber ei styrking av ressursgrunnlaget på gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3.

Etter dette meiner Fylkesmannen at alle omsyna som nemnt i konsesjonsloven § 9 første ledd vert ivaretatt av kjøparane og deira erverv isolert sett. Dette betyr likevel ikkje at konsesjon skal givast, utan muligheit til å drege inn motståande omsyn som måtte gjere seg gjeldande.

På side 127 i Ot.prp.nr.79 (2002-2003) står det følgjande:

"Målet med behandlingen av den enkelte konsesjonssøknad er å tilgodese hensynet til landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlig for samfunnet. Sentralt i konsesjonsvurderingen står derfor konsesjonssøkers formål med ervervet, og om andre kan bruke eiendommen på en mer samfunnsmessig forsvarlig måte."

Forarbeida viser såleis at det skal kunne leggjast vekt på løysingar som konsesjonsmyndigheita meiner vil vere enda betre, sjølv om konsesjon til søkjaren vil fremje dei omsyn som er nemnt i § 9 første ledd.

I denne saka har forvaltningsstyret grunngjeve avslaget til konsesjonssøklarane med ønskje om å oppretthalde eigedomen som sjølvstendig eining av omsyn til busetjinga i området. Fylkesmannen har som nemnt tidlegare lagt til grunn at omsynet til busetjinga gjer seg gjeldande i området, og det vil såleis kunne vere relevant å vurdere om det fremstår som ei meir gagnleg løysing for samfunnet å la eigedomen blir oppretthalde som sjølvstendig eining.

I denne samanheng følgjer det av rundskriv M-2/2009 på side 25 «at ønsket om å ivareta bosettingen bare kan ivaretas dersom det er grunn til å tro at andre som ikke allerede bor i området vil erverv eiendommen med sikte på selv å bo der».

Vidare står det i proposisjonen på side 76 at «man må velge mellom de faktiske mulighetene som foreligger». Kor reelt eit alternativ må vere før det kan grunngje eit konsesjonsavslag er omtalt i Høgsterett sin dom, Rt. 2012 side 18. Her uttalast det at «man ikke kan nekte konsesjon på grunnlag av alternativer som er teoretiske». Og vidare: «I dette tilfellet har flere interessenter faktisk uttrykt interesse for å overta eiendommene, og den som har uttalt seg om pris, har uttrykt at den prisen Kistefos betalte virket fornuftig, og at han hadde finansieringen i orden. Dette ligger innenfor rammen for hvor reelt et alternativ må være før den kan tillegges vekt i en konsesjonssak».

Med bakgrunn i nemnte rettskilder må Fylkesmannen difor vurdere om det ligg føre ei slik reell interesse for kjøp av eigedomen som sjølvstendig eining, at det er grunn til å tru at nokon vil busette seg der.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen aktivt har undersøkt om det er interesse for eigedomen som bustad. I saksutgreiinga frå administrasjonen er det opplyst at det under salsprosessen var eit ungt par som ynskte å kjøpe eigedommen for å busette seg der. Desse

har seinare kjøpt eit anna bruk, slik at dei ikkje er aktuelle lenger. I saksutgreiinga frå administrasjonen står det vidare at «*Det er vanskeleg å vite om det kan vere andre som er aktuelle, med det er kanskje ikkje urimeleg å tru at nokon ynskjer å busetje seg på plassen*».

Fylkesmannen finn etter dette at kommunen ikkje kan godtgjere at det ligg føre reell interesse for kjøp av eigedomen, då det ikkje er opplyst om andre interessentar. Forvaltningsstyret har avslått konsesjon på grunnlag av eit alternativ som framstår som teoretisk. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at kommunen har vurdert kvifor erverv av eigedomen som tilleggsjord ikkje i tilstrekkeleg grad vil ivareta omsynet til busetjinga i området, trass i at dette var peika på i innstillinga frå administrasjonen.

På denne bakgrunn finn Fylkesmannen at det ikkje ligg føre saklig grunn til å avslå konsesjon til konsesjonssøklarane. Klagar har ført fram. Dette inneber at det er gitt konsesjon for Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim sitt erverv av gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune.

Fylkesmannen finn det ikkje hensiktsmessig å stille vilkår om buplikt på eigedommen, då det er opplyst at konsesjonssøklarane allereie bur på gnr. 48 bnr. 4 som inngår i driftseininga.

Vedtak

Med heimel i konsesjonslova § 9 første ledd opphevar Fylkesmannen i Møre og Romsdal Volda kommune sitt vedtak om å avslå konsesjon for Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim sitt erverv av gnr. 66 bnr. 2.

Det vert gitt konsesjon til Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim for erverv av gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Med heimel i konsesjonslova § 11 andre ledd vert det sett vilkår om at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare i forvaltninga.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
Landbruksdirektør

Gunvor Fossholt Ytterstad
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Ørsta kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Landbrukskontoret Ørsta Volda	Rådhuset	6153	ØRSTA

Denne skal registrerast i sak 2016/236 i Volda, og refererast i forvaltningsstyret.

Helsing Liv Bente Viddal